

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 37/2023

2023/EØS/77/09

av 17. mars 2023

om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98,

og ut frå desse synsmåttane:

- 1) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2022/1248 av 19. juli 2022 om godkjenning av eterisk olje frå *Origanum vulgare* ssp. *hirtum* (Link) Ietsw. som tilsetjingsstoff i fôr til visse dyreartar⁽¹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2022/1451 av 1. september 2022 om godkjenning av kvit eterisk kamferolje frå *Cinnamomum camphora* (L.) J. Presl. og kaneltinktur frå *Cinnamomum verum* J. Presl. som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar⁽²⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 3) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2022/1458 av 2. september 2022 om endring av gjennomføringsforordning (EU) 2016/1095 med hensyn til vilkårene for godkjenning av sinkkelat av aminosyrehydrat som tilsetningsstoff i fôr til alle dyrearter⁽³⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 4) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2022/1459 av 2. september 2022 om endring av gjennomføringsforordning (EU) 2019/804 med hensyn til vilkårene for godkjenning av selen i organisk form framstilt av *Saccharomyces cerevisiae* CNCM I-3060 som tilsetningsstoff i fôr til alle dyrearter⁽⁴⁾ skal takast inn in EØS-avtala.
- 5) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2022/1470 av 5. september 2022 om godkjenning av endo-1,4-betaxylanase framstilt av *Trichoderma longibrachiatum* CBS 139997 og alfa-galaktosidase framstilt av *Aspergillus tubingensis* ATCC SD 6740 som tilsetjingsstoff i fôr til slaktekyllingar, livkyllingar, mindre utbreidde fjørfeartar som er meinte for slakt, eller som vert føra opp for eggproduksjon, og prydfuglar (innehar av godkjenninga: Industrial Técnica Pecuaria S.A.)⁽⁵⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 6) Denne avgjerda gjeld føresegner om fôrvarer. Føresegner om fôrvarer skal ikkje gjelde for Liechtenstein så lenge avtala mellom Det europeiske fellesskapet og Det sveitsiske eidssambandet om handel med landbruksprodukt er utvida til å omfatte Liechtenstein, som nemnd i tilpassing etter sektor i vedlegg I til EØS-avtala. Denne avgjerda skal difor ikkje gjelde for Liechtenstein.
- 7) Vedlegg I til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I kapittel II i vedlegg I til EØS-avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. Etter nr. 474 (Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2022/1493) skal nye nummer lyde:

⁽¹⁾ TEU L 191 av 20.7.2022, s. 7.

⁽²⁾ TEU L 228 av 2.9.2022, s. 10.

⁽³⁾ TEU L 229 av 5.9.2022, s. 16.

⁽⁴⁾ TEU L 229 av 5.9.2022, s. 22.

⁽⁵⁾ TEU L 231 av 6.9.2022, s. 109.

- ”475. **32022 R 1248**: Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2022/1248 av 19. juli 2022 om godkjenning av eterisk olje frå *Origanum vulgare* ssp. *hirtum* (Link) Ietsw. som tilsetjingsstoff i fôr til visse dyreartar (EUT L 191 av 20.7.2022, s. 7).
476. **32022 R 1451**: Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2022/1451 av 1. september 2022 om godkjenning av kvit eterisk kamferolje frå *Cinnamomum camphora* (L.) J. Presl. og kaneltinktur frå *Cinnamomum verum* J. Presl. som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar (EUT L 228 av 2.9.2022, s. 10).
477. **32022 R 1470**: Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2022/1470 av 5. september 2022 om godkjenning av endo-1,4-betaxylanase framstilt av *Trichoderma longibrachiatum* CBS 139997 og alfa-galaktosidase framstilt av *Aspergillus tubingensis* ATCC SD 6740 som tilsetjingsstoff i fôr til slaktekyllingar, livkyllingar, mindre utbreidde fjørfeartar som er meinte for slakt, eller som vert føra opp for eggproduksjon, og prydfluglar (innehavar av godkjenninga: Industrial Técnica Pecuaría S.A.) (EUT L 231 av 6.9.2022, s. 109).”

2. I nr. 173 (Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2016/1095) vert følgjande lagt til:

”, endret ved:

- **32022 R 1458**: Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2022/1458 av 2. september 2022 (EUT L 229 av 5.9.2022, s. 16).”

3. I nr. 299 (Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2019/804) vert følgjande lagt til:

”, endret ved:

- **32022 R 1459**: Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2022/1459 av 2. september 2022 (EUT L 229 av 5.9.2022, s. 22).”

Artikkel 2

Teksta til gjennomføringsforordning (EU) 2022/1248, (EU) 2022/1451, (EU) 2022/1458, (EU) 2022/1459 og (EU) 2022/1470 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 18. mars 2023, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfjerda i Brussel 17. mars 2023.

For EØS-komiteen

Nicolas von Lingen

Formann

(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.